



Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/763-2

### **Prosjektfinansiering**

## **Innovasjonsnettverk i distriktssamfunn i Vestland fylke**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Det vert løyvd kr 1 630 000 til finansiering av prosjektet Innovasjonsnettverk i distriktssamfunn for perioden 1/7 2019 – 30/6 2021.
- 2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei avsette midlane.
- 3 Fylkesdirektøren kjem attende til utvalet med ei orientering om bruken av løyvinga til hub-node prosjektet, eller ei sak om omdisponering av løyvinga om det viser seg at løyvde midlar ikkje blir nytta.
- 4 Midlane vert dekka med disponible restmidlar frå tidlegare år.

### **Vedlegg:**

Prosjektplan med vedlegg

### **Andre relevante dokument i saka:**

Interreg Europe prosjektet P-IRIS

- (<https://interreg.no/prosjeктbank/p-iris-policies-to-improve-rural-areas-innovation-systems-by-professionalising-networking-activities-and-use-of-innovation-tools/>) /
- (<https://www.interregeurope.eu/p-iris/>)

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

I Interreg Europe prosjektet P-IRIS (Policies to improve rural area innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools) er om lag 85% av finansieringa sett av til fase 1 som vert avslutta 30/6 2019. I fase 1 lært partnerane av kvarandre. I fase 2 frå 1/7 2019 – 30/6 2021 skal vi iverksette det vi lært i fase 1. Interreg Europe føreset at aksjonsplanen for fase 2 vert finansiert lokalt.

Som del av arbeidet med innovasjonsnettverk i distriktssamfunn har vi innleidd eit samarbeid med Klyngeprogrammet til Innovasjon Norge. Dette heng saman med at klyngeprogrammet no er meir tilgjengeleg for innovasjonsnettverk i distriktssamfunn (t.d. for Sogn og Fjordane). Vi treng noko ressursar til å utvikle dette samarbeidet.

I arbeidet med P-IRIS har vi også innleidd eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Dette er ikkje minst viktig sidan prosjektet vert overført til den nye fylkeskommunen frå 1/1 2020. Det vil vere nyttig å ha midlar sett av til felles studietur slik at rurale innovasjonsmiljø i dei to fylka kan utvikle samarbeid og bli kjende med kvarandre.

## **2. Søknaden**

Søknaden ligg ved og har desse tre delprosjekta:

<b>Delprosjekt</b>	<b>Ansvar</b>
Behovskartlegging i innovasjonsnettverk i distriktssamfunn	Innovasjon Norge v/ Klyngeprogrammet
Behovskartlegging sett frå ståstadens til mogne klynger	Hordaland fylkeskommune
Fellestiltak – inkl. aksjonsplanen for P-IRIS	Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Langsiktig mål**

- Klyngepolitikken er relevant for innovative næringsmiljø i distriktssamfunn.
- Klyngepolitikken gir økonomisk effekt for lokale bedrifter
- Verkemiddelapparatet kan fasilitere klyngeutvikling

### **Mål for utviklingsprosjektet**

- Få rekruttert innovasjonsmiljø inn i klyngeprogrammet – «Tidlegfase nettverk»
- Få testa node-hub klyngegesamarbeid saman med Innovasjon Norge.
- Få på plass sertifiserte klyngerådgjevarar saman med Innovasjon Norge.
- Utvikle og ta i bruk eit læringsopplegg for nøkkelpersonar i utvikling av innovasjonsnettverk i distriktssamfunn.

### **Målgruppe**

- Representantar for bedrifter i innovasjonsnettverk / klynger
- Leiarar av innovasjonsnettverk / klynger
- Verkemiddelapparatet; den delen som er knytt opp mot identifiserte klynger / innovasjonsnettverk
- Politikkutformarar

**Prosjektansvar og prosjektleiing:** Sogn og Fjordane fylkeskommune

### **Økonomi**

Hordaland fylkeskommune finansierer sin del av kostnadene. Klyngeprogrammet finansierer sin del. Det er ein uavklart situasjon vedkommande finansieringsansvar for det som i det nye klyngeprogrammet er kalla RCE (regionale klynger eller Regional Centres of Expertise) og mogelege pilotprosjekt for samarbeid mellom ei ufullstendig distrikts-klynge og ei mogen klynge («hub-node samarbeid»). Det står att å sjå om midlar til å finansiere desse går rett til Klyngeprogrammet eller om det er føresett at regionale utviklingsmidlar skal brukast. Framlegg til vedtak vert derfor formuler slik at fylkesdirektøren får fullmakt til å løyve midlar. Vi må no sikre midlar til det som uansett skal setjast i gang 1/7 2019 som aksjonsplan for P-IRIS.

Med dette som forklaring vert kostnader og finansieringsplan i denne omgang avgrensa til aktiviteten i Sogn og Fjordane:

**Kostnadsplan:**

Prosjektmidlar for å teste hub-node samarbeid i klyngeprogrammet		
- Ein pilot ( <i>kostnader for klyngeprogrammet er uavklart</i> )	Kr	1.000.000
Partnarskapsavtale med Maritim Foreining:		
1. Observatør i Vanguard / MRE (to reiser m/ førebuing / etterarbeid)		46.000
2. Teste metode «entreprenørielle oppdagingar» (50% av kostnader):		204.000
Studietur – felleskostnader og reisestøtte (Sogn og Fjordane)		100.000
Aksjonsplan for P-IRIS (100% fylkeskommunal finansiering):		<u>280.000</u>
SUM:	kr	1.630.000

Midlane som er sett av til ein pilot saman med Innovasjon Norge (kr 1.000.000 i kalkylen) er føresett løyvd til eit lokalt initiativ. Miljø må utfordrast. Økonomiske rammer må avklarast nærrare; inklusiv fordelinga mellom Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**Finansplan:**

- Kr 1.700.000 er føresett finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Kostnader dekka av Innovasjon Norge klyngeprogrammet og eigeninnsats er ikkje kalkulert.
- Kostnader for deltaking frå Hordaland er ikkje kalkulert. Hordaland må sjølve avklare sitt ambisjonsnivå.
- Maritim foreining kalkulerer eigeninnsats til aktiviteten «teste metode for entreprenørielle oppdagingar» til kr 204.000 (50%)

**3. Vurdering**

Næringspolitikken legg i dag stor vekt på klynger. Dette gjeld både nasjonalt og internasjonalt. Sogn og Fjordane har i liten grad kunne nytte seg av desse verkemidla fordi vi ikkje har komplette konsentrerte klynger. Det nye klyngeprogrammet legg mindre vekt på geografisk konsentrasjon og opnar opp for at mogne klynger i større grad må ta eit nasjonalt ansvar. Dette opnar for større deltaking frå Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt P-IRIS prosjekt om innovasjonsnettverk i distriktsamfunn kjem derfor på ei svært gunstig tid i høve denne endringa i den norske klyngepolitikken. Saman med klyngeprogrammet vil vi bruke eigne og deira røynsler for å utvikle kompetanse i det å initiere, utvikle og omstille innovasjonsnettverk / klynger. Sentralt i arbeidet står den verktøykassa vi har arbeidd med i P-IRIS og å rekruttere innovative miljø inn i klyngeprogrammet.

Arbeidet med å rekruttere innovative miljø inn i klyngeprogrammet har alt starta. Maritim Foreining sitt Ocean Hyway Cluster fekk arenestatus i 2018. Materialteknologi-miljøet med utgangspunkt i Gloppen og Green Innovation Network med utgangspunkt i Eid, har alt fått plass i det som er introduksjonsmodulen i Klyngeprogrammet (omtala som Modul 1 / Tidlegfase nettverk). Hordaland er i gang med liknande mobilisering.

I tillegg har vi drøfta med Innovasjon Norge v/ Klyngeprogrammet mogeleg pilotprosjekt for å få røynsle med hub-node samarbeid. Det betyr at eit ikkje-komplett innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane og/eller Hordaland knyter seg opp mot ei mogen klynge. Vi har så langt ikkje klar kandidatar, men samtlege av dei sterke miljøa i Måløy, Eid, Stryn, Sandane, Årdal, Sogndal, Førde, Florø eller Sløvåg har uttrykt at dei treng eksterne samarbeidspartnarar for å bli sterke. Alt tyder på at vi finn kandidatar til eit slikt pilotprosjekt saman med Innovasjon Norge.

Klyngene eller innovasjonsnettverka skal leve. Vi ønskjer å utvikle dugleik i å initiere innovasjonsprosessar og/eller fornyingsprosessar av den typen vi har sett i hydrogensatsinga vår. I smart spesialisering-metodikken som vert brukt i Europa og som Kommunal- og Moderniseringsdepartementet no har laga rettleiar for, vert det snakka om prosessar for fornying. Fornyning må bygge på eksisterande styrke. Dette (som vert omtala som «entreprenøriell

oppdagning») har vi alt prøvd ut gjennom hydrogenprosjektet der styrken i energisektoren og innan maritim industri vart kopla og nye forretningsområde «oppdaga». Vi treng metodikk for å akselerere denne typen forstudium. Vi utfordrar Maritim Foreining til å ta del i utprøving. Målet er å få kreativt nettverksprat raskt inn i ein konstruktiv avklaringsfase.

Vidare er klyngene meir og meir sentrale i arbeidet med internasjonalisering (både eksport og det å knyte seg opp mot internasjonale verdikjeder). I Sogn og Fjordane er medlemsmassen til Maritim Foreining eit sterkt miljø som både kan bli ei kraft i omstillings- og fornyingsarbeidet og ha styrke nok til å prøve ut internasjonale arenaer som Vanguard og plattformer bygd opp med basis i regionane sine smart spesialiseringstrategiar. Vi treng å vinne meir erfaring i å bruke desse europeiske samarbeidsarenaene. Slik røynsler må vi skaffe oss saman med Maritim Foreining. Vi ønskjer å setje av ein mindre sum til slikt utprøvingsarbeid gjennom eit tilbod om å få observatørstatus

I verdiskapingsplanen er innsats inn mot lokale innovative miljø prioritert i satsinga på nyskapning og kunnskap. Prosjektet føl opp denne intensjonen.

Innkjøpsregelverket er avklara og det vert skrive protokoll som grunngir kvifor Maritim Foreining er valt som samarbeidspart. Vi ønskjer å bruke deira røynsler.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren ber om at det vert sett av kr 1 630 000 til prosjektet, og at fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane.

Aktiviteten saman med Innovasjon Norge vert finansiert på vilkår av ein samarbeidsavtale og etter nærmare avklaring av finansieringsansvar for såkalla regionale klynger / pilotar i hub-node samarbeid.

Aktiviteten i samarbeid med Maritim Foreining vert finansiert gitt at vi vert samde om ein partnarskapsavtale.